

ØSTFOLD ENERGI AS
Kalnesveien 5
1712 GRÅLUM

Vår dato: 28.02.2025

Vår ref.: 202502473-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Flågrunnsvatni i Lærdal kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 24.1.2025 frå Hywer AS på vegne av konsesjonær Østfold Energi AS, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for magasin Flågrunnsvatni.

Om søknaden

Magasinet Flågrunnsvatni ligg i Lærdal kommune og inngår i reguleringa knytt til Borgund kraftverk, og inngjekk som en del konsesjon til reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget gitt ved kgl.res 1.10.1966. Gjeldande manøvreringsreglement er gitt ved kgl.res av 13.2.2009.

I samband med bygging av Gravdalen kraftverk er det behov for å mellombels senke vasstand i ei avgrensa del av magasin Flågrunnsvatni til kote 1446,0 (figur 1). Magasin Flågrunnsvatni har HRV på kote 1473,3 og LRV på kote 1458,5. Østfold Energi søker om fråvik over to periodar: 1.3.2025–30.4.2025 og 1.3.2026–30.04.2026. Dei føretrekker å utføre arbeidet i mars og april 2025, men det kan bli utfordrande å få utført nødvendige klargjeringar for arbeidet innan perioden i 2025 er omme. Det blir difor søkt om tilsvarende periode i 2026 som eit alternativ. Berre ein av dei alternative periodane blir nytta.


Den delen av Flågrunnsvatni som det blir søkt om fråvik for ligg like sør for dam Kvevatni, og har eit areal på om lag 38 daa (figur 1). Østfold Energi oppgir i e-post av 20.2.2025 at det avgrensa området som skal senkast i stor utstrekning vil bli heilt tørrlagt, og at det berre vil vere to små område med vatn igjen.

Søknad om senking av vasstand i magasinet kjem av behovet for å utføre nødvendig tilkopling av Gravdalen kraftverk. Sjølve arbeidet vil ta inntil eit par veker, men fordi det kan vere krevjande vêrtilhøve i området søkast det om ein periode på 2 månadar. Arbeidet vil hovudsakleg skje under bakken, inne i inntaksarrangementet ved dammen.

I eit normalår vil magasinet tappast ned og oppnå lågaste vasstand i slutten av april. I samband med arbeidet som no skal gjennomførast vil heile magasinet bli senka ned til LRV noko tidlegare enn vanleg, men senkinga vil skje gradvis gjennom heile vinteren. Området som skal senkast under LRV er avgrensa av en terskel på høgde med LRV, slik at resten av



Flågrunnsvatni vil holde kote 1458,5 når det avgrensa området tappast vidare ned. Denne siste tappinga vil også skje så gradvis som mogeleg for å unngå erosjon og at fisk strandar. Det oppgis i søknaden at arbeidet vil vere utført seinast innan 30. april, slik at magasinet naturleg kan fyllast opp ved snøsmelting i mai. I e-post av 27.2.2025 oppgir Østfold Energi at det normalt vil ta 12–15 timar før magasinet er tilbake på LRV.



Figur 1. Kartet viser magasin Flågrunnsvatni. Raudt område er den delen som Østfold Energi søker om å tappe under LRV.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg klargjort gjennom dette.

Lærdal kommune uttalar i brev av 18.02.2025:

«Gjeld høyringsdokument kring sak 202502473 om planlagt senking av vasstand under LRV ved magasin Flågrunnsvatni.

Lærdal kommune har ingen merknader.»

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i e-post av 5.2.2025:

«Gjeld oversendte høyringsdokument 3.2.2025, jf. dykkar sak 202502473.

Det er planlagt å senke vasstanden under LRV i ein av to alternative periodar i eit område ved dammen som er avgrensa av ein terskel.

Føremålet med nedtappinga er å kunne gjennomføre nødvendig rehabilitering. Tiltaket har stor samfunnsverdi, og det må akseptast noko mellombels ulempe for allmenne interesser.



Vi konstaterer at det er vurdert avbøtande tiltak for villrein og fisk, om det skulle bli nødvendig. Vi legg då til grunn at naturmiljøet blir ivareteke så godt som råd.

Ut over dette har vi ikkje merknader til nedtappinga under LRV.»

Vestland fylkeskommune uttaler i brev av 18.2.2025:

«Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023- 2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Kulturminne: Vi viser til den kulturfaglege vurdering i dette skrivet og bed om det vert tatt omsyn til automatisk freda kulturminne i området. Dette gjeld fangstgrav og ledegjerde for rein og to lokalitetar frå steinalder.

Vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert

Då saka gjeld areal i vatn er saka oversendt Bergens Sjøfartsmuseum. Uttale frå dei er ikkje motteke ennå, og dersom dei har merknader vil dette bli ettersendt.

Situasjonen for villrein: Villreinen nytter dette område store deler av året, men særleg i barmarkssesongen. Kalvinga er i mai, og det kan difor vere utfordrande å utføre arbeid i Gravdalen til månedskiftet april – mai. Med omsyn til villrein ville periode 01. mars – 15. april vore betre.

Det jobbast hardt for å iverksette reetablering av villrein i området. Dette vart også stadfesta i Meldt. St. 18 – «Ein forbetra tilstand for villreinen». Det er bra konsesjonær vil ha tett dialog med villreinnemnda, men vi understrekar at for villreinen sin del, vil det viktig vere at arbeidet vert gjort unna før villreinen vert reetablert i området. Det er difor all grunn til å prøve å få dette arbeidet ferdig i den omsøkte perioden i 2025.

Så også dei generelle innspela knytt tilbiologisk mangfald.

(...)

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Automatisk freda kulturminne

I det aktuelle området er det registrert ei fangstgrav for rein som er automatisk freda jf. Kulturminnelova §4. Kulturminnet har id.nr. 243666 i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, sjå figur 1 og 2. Rundt det freda kulturminne er det ei freda sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten av lokaliteten. Det må




takast særskild omsyn til kulturminne slik at det ikkje vert skada. I samsvar med kulturminnelova § 3 fyrste ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne og sikringssona forbode med mindre det er gitt løyve etter kulturminnelova § 8.


Vi viser til § 3 i kulturminnelova: Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje

Kulturminne ble registrert da Universitetsmuseet i Bergen gjorde sikringsundersøkingar rundt Kveavatn i 2017. Dyregrava ligg på ei tange som går ut i vatnet, og det skal vere steinmurar i nedkant av fangstgrava. Dette er ledegjerde, murar som har leda dyra bort til fangstgrava.

I Askeladden er kulturminne skildra slik: Dyregrav beliggende i skrått terreng. Sammenrast og med spor av lave ledegjerder på to sider som ligger på tvers av terrengets fallretning. To lave murer observert 10-15 meter unna i nedkant av anlegget.



Figur 2. Fangstgrav som er automatisk freda id.243666. Kart er henta frå kulturminnedatabasen Askeladden.



Figur 3. Automatisk freda kulturminne med sikringssone, id.243666.

Dersom det er planlagt arbeid i nærleiken av det automatisk freda kulturminne må det merkast i felt før anleggstart slik at det ikkje vert skada. Tiltakshavar er og ansvarleg for å gjere underentreprenørar kjend med det automatisk freda kulturminne.

Elles er det i den austlege delen av Kveavatnet registrert to lokalitetar frå steinalder som ligg under vatn i erosjonssonen. Potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne er likevel vurdert til å vere låg. Området som skal tappast ned gjeld eit mindre område av magasinet, tilsvarande areal som var nedtappa i 2017. I søknaden står det at ved førre nedtapping i samband med rehabiliteringa av dammen i 2017, vart det utført omfattande grunnarbeid i dette området.

Vi gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert

Då saka gjeld areal i vatn er saka oversendt Bergens Sjøfartsmuseum. Uttale frå dei er ikkje motteke ennå, og dersom dei har merknader vil dette bli ettersendt.

Biologisk mangfald

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfylling av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon. Klimaplanen seier at vi vektlegg omsynet til naturen i arealplanlegging, og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald.



Vassmiljø og fisk

Statsforvaltaren er mynde for fisk i regulerte vassdrag, og NVE må vurdere saka etter konsesjonsvilkåra og anna aktuelt regelverk som til dømes vassressurslova og vassforskrifta.

Villrein

Retningslinje 26 i fornybarplanen seier at ein skal unngå tiltak som reduserer verdier på leveområdet for villrein.

Området ved Kvevotni er leveområde for villreinen. Nordfjella er eit fragmentert villreinområde. Infrastruktur og den markerte topografien i området bidreg til at det er fleire tronge trekkorridorar som er av stor betydning for villreinen. Gravdalen er eit slikt viktig opphaldsområde for villreinen, men først og fremst for reinsdyra si svært viktige vandring mellom sentrale og vestlege bruksområda i Nordfjella.

Vandringsvegane her er særleg viktige vår og haust og i samband med trekk mot kalvingsområda i vest. Vår, sommar og dels om hausten har dyra tilhald i Gravdalsområdet. Så mykje som 80 % av alle GPS-punkt frå sone 1 i Nordfjella i mai månad (kalvingsperioden) er registreringar som enten er gjort på austsida av Gravdalen eller på tangane vest for denne dalen.

Tidleg på vinteren syner GPS registreringar at dyra til ein viss grad har brukt område som ligg lengre aust, og det er nærast ein todeling av områdebruken i den første delen av vinteren (Ibid). Denne arealbruken frå villreinen syner at dette er eit viktig område store deler av året, men særleg i barmarkssesongen. Kalvinga er i mai, og det kan difor vere utfordrande å utføre arbeid i Gravdalen til månadsskiftet april – mai. Vi ville vore meir komfortabel med ein periode som evt. var 01. mars – 15. april.

Konsesjonær påpeikar at villreinen er høgst truleg ikkje reetablert i området innan den siste alternative perioden er over. Det er det nok ikkje alle som er samd i, då det p.t. jobbast hardt for å iverksette reetablering allereie no. Dette vart også stadfesta i Meldt. St. 18 – Ein forbetra tilstand for villreinen.

At det framleis ikkje er dyr i dette området denne vinteren, kan ein nok snart konkludere med. Og om det skulle opnast opp for reetablering, vil det nok ta noko tid før dyra kryssar over til sone 1. Men når dei først gjer det, er det særst viktig at dei ikkje vert forstyrre i å søke seg til dei historisk viktige kalvingsområde vest for Gravdalen. Dersom reetableringa vert starta opp før april 2026 vil konsesjonær med bakgrunn i Gravdalen kraftverk allereie ha tett dialog med villreinnemnda og tiltak kan settast i verk i samarbeid med dei. Det er bra konsesjonær vil ha tett dialog med villreinnemnda, men vi understrekar at for villreinen sin del, vil det viktig at arbeidet vert gjort unna før villreinen vert reetablert i området. Det er difor all grunn til å prøve å få dette arbeidet ferdig i den omsøkte perioden i 2025»

Østfold Energi AS har kommentert på fråsegnene i e-post av 20.2.2025:

«Vi tar til etterretning uttalelsene fra fylkeskommunen. Siden arbeidet i all hovedsak vil bli utført under bakken, og den eneste synlige påvirkning vil være at magasinet er tappet ned og ferdsel opp til demningen, så ser vi det som svært lite sannsynlig at det



vil komme i konflikt med noe i området. Hvis arbeidet skulle bli utsatt til 2026, og det er vedtatt å re-etablere villrein i området før denne tid, så vil vi (Østfold Energi) ha tett dialog med villreinnemnda og tiltak kan settes i verk i samarbeid med villreinnemnda.»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Østfold Energi fekk også i 2017 løyve til mellombels å senke vasstanden i Flågrunnsvatni til kote 1446,0, i samband med rehabilitering av dammen.

Hyywer oppgir at Flågrunnsvatni er eit populært fiskevatn, og Kvevasshytta ligg like ved dammen. Då vegen opp ikkje er brøytta opp for sesongen i aktuell periode, vil området vere utilgjengeleg for allmenta i mars-april. Hywer meiner difor at nedtappinga ikkje vil ha konsekvensar for friluftsliv. NVE støtter denne vurderinga.

Hywer oppgir at det i Kvevatni er ein god bestand med aure, som kan bli påverka av senka vasstand. Dam Kvevatni er bygd ved utløpet frå Kvevatni, som saman med blant anna Vestre Flågrunnsvatnet, er oppdemt til magasinet Flågrunnsvatni. Hywer påpeiker at endringa i vasstand vil skje gradvis slik at fisken ikkje strandar. Dersom det er fisk igjen i det avgrensa området ved dammen, skal denne flyttast over terskelen på ein forsvarleg måte. Det vil truleg vere noko botndyr som vil gå tapt ved nedtapping, men då området som skal tappast ned ikkje er så stort vil dette truleg ha låg konsekvens. NVE legg til grunn at nedtappinga skal skje gradvis, og at attståande fisk blir flytta over til den delen av magasinet som ikkje blir tappa under LRV. Etter NVE si vurdering vil ikkje tiltaket få nemneverdige konsekvensar for fiskebestanden i magasinet som heilheit.

Gravdalen er eit viktig funksjonsområde for villrein store deler av året. Hywer omtaler dette, men meiner at villreinen høgst truleg ikkje er reetablert i området innan den siste alternative perioden er over. Dei fastslår at dersom reetableringa likevel blir starta opp før april 2026, vil konsesjonær ha tett dialog med villreinnemnda og vurdere eventuelle tiltak i samarbeid med dei. Fylkeskommunen oppgjer at det jobbast hardt for å iverksette reetablering allereie no, og er derfor ikkje samd i at villreinen høgst truleg ikkje blir reetablert i området innan den siste alternative perioden er over. Dei understrekar at det er viktig at arbeidet blir avslutta før villreinen blir reetablert i området, og at det difor er all grunn til å fullføre arbeidet i 2025. Fylkeskommunen påpeikar også at det som en følge av kalvinga i mai vil vere utfordrande å utføre arbeid i Gravdalen heilt til månadsskifte april-mai. Dei tilrår derfor heller perioden 1.3–15.4. NVE legg til grunn at det i dag ikkje finst villrein i området, då han er skoten ut som ei følge av skrantesjuka. På grunn områdets betydning for villrein meiner vi, som fylkeskommunen, at konsesjonær skal jobba mot å gjennomføre planlagt arbeid i løpet av 2025, slik at risikoen for at arbeidet går føre seg under reetablering blir redusert. NVE legg vidare til grunn EDs vurdering av søknad om forlenga byggefrist for Gravdalen kraftverk av 20.6.2023. Her blir det presisert at konsesjonær må ha tett dialog med villreinforvaltninga om tidsplan for anleggsperioden.



Vidare, dersom anleggsarbeidet ikkje blir ferdig innan reetablering skal konsesjonæren i tett dialog med Villreinnemnda utarbeide ein plan for mildnande tiltak, som skal godkjennast av NVE. NVE legg til grunn at det blir tatt omsyn til kalvingsperioden i denne planen.

Hywer oppgir at det er registrert fleire raudlista fugleartar i området. Sidan arbeidet i hovudsak vil skje under bakken meiner Hywer at desse vil bli minimalt påverka. I tillegg meiner dei at arbeidet truleg vil vere ferdig før hekkeperioden i området startar. NVE støttar vurderinga frå Hywer, og registrerer at Statsforvaltaren ikkje har uttalt seg om raudlista fugleartar.

Fylkeskommunen påpeiker at det må takast omsyn til ei fangstgrav for rein som er registrert som automatisk freda jf. kulturminnelova § 4. Kulturminne må merkast i felt før anleggstart for å unngå at det blir skada. Fylkeskommunen gjer også merksam på at gjenstandsfunn av automatisk freda kulturminne, som flekkar med trekol eller konstruksjonar, straks må meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert, jf. meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. NVE legg til grunn at innspela frå fylkeskommunen blir følgt opp, og har ingen ytterlegare kommentarar.

Østfold Energi har oppgitt at det normalt vil ta 12–15 timar før magasinet er tilbake på LRV etter at arbeidet er avslutta. NVE presiserer at arbeidet må avsluttast tidsnok slik at vasstand i magasinet oppnår LRV innanfor perioden det blir søkt om fråvik for.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal takast omsyn til når vedtak treffast, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. Vi vil framheve at det for vår vurdering er viktig at tiltaket er mellombels og av kort varigheit. Vi har også lagt til grunn at konsesjonær skal ha tett dialog med Villreinnemnda dersom tiltaket ikkje er avslutta før reetablering av villrein. Basert på søknad, innkomne uttale og NVE sine egne erfaringar, kan ikkje vi ikkje sjå at tiltaket vil gje nemneverdige skadar for nokre kjende allmenne interesser. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

Konklusjon

NVE gir Østfold Energi AS løyve til å mellombels senke vasstand i ein avgrensa del av magasin Flågrunnsvatni under LRV, til kote 1446,0, i inntil to månader i perioden 1.3.2025–30.4.2025 eller 1.3.2026–30.4.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Alle vasstandsendingar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfyljing til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.



- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir bede vidare om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Østfold Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå
fagleiar

Anne Karine Herland
seniorrådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ØSTFOLD ENERGI AS

Kopimottakarliste:

LÆRDAL KOMMUNE

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.